

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 5

Oktober 2022

Årgang 88 år



Baldersheim gravplass

**Herre vår Gud, hjå deg er livsens kjelde. I ditt lys ser vi lys. I deg er det vi lever, rører oss og er til.  
Hold oss fast i liv og død i din kjærleik, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.**

[Frå den Norske kyrkja sin gravferdsliturgi]



Djupdykk på konfirmantleir 2022.

## FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: post.fusa@kyrkja.no

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

### Dagleg leiar/ass. kyrkjevejerje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Kyrkjeveje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

### Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Eirun Bjotveit Fonneland 94 88 85 06

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

### Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD  
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:  
Fusa sokneråd

Konto for kyrkebladet:  
3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år  
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONEN:  
Kyrkjecontoret  
v/Hans Einar Markhus



# Haustattankar

Etter at eg starta som prestevikar i Odda og Tyssedal denne hausten, har det blitt ein god del pendling i bil langs Hardangerfjorden. Fleire stader er det i skrivande stund mangt eit frukttre med fristande frukt. Eg er særskilt glad i norsk, frisk frukt og får vatn i munnen med tanke på plommer, som er noko av det beste eg veit.

Akkurat som buskar og tre ber si grøde, er også våre menneskeliv tenkt å bera frukt. Hør berre kva Jesus seier i Johannesevangeliet: *Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingenting gjera.*

Me skjønner at den frukt som skal komme fra våre liv ikkje er epler eller plommer, men heller venlege ord, hjelpetenester og andre gode gjerningar som me kan tene både Gud og våre medmenneske med.

Men sjølv om eg elskar frukt, har eg eit noko anstrengt forhold til dette fruktbilete som haldepunkt for kristenlivet. For kva då om eg ikkje ber frukt? Heldigvis talar årstidene og naturen viktige sanningar til oss: Naturen ber fram si grøde kvar haust, ein gong i året. Skal tru om det ikkje er årstider i menneskelivet også? Det er slett ikkje naturleg at kristenlivet alltid ber frukt! Nokre gongar byr livet på utfordringar; som sjukdom til dømes. Nokre tider krev familie, økonomi, arbeid eller andre faktorar vår fulle merksem. Det er tider då ei grein er både naken og verkar daud, det er tider då ho ikkje ber frukt. Som naturen har også menneskelivet ein rytme der det er både sommar og vinter. Nokre fasar av livet er det naturleg å berre vere ei grein som heng på stammen. Nokre gongar treng me å kvile, nokre gongar har me nok med å vera til.

Fint er det likevel å tenke på at alle frukttre **gjev** frukt når det er sesong! Det betyr at me ikkje treng å vere redd for at **me ikkje skal bere frukt: er du kristen vil du bere frukt**, men det er di frukt og til ei spesiell årstid. Det betyr at me ikkje treng samanlikne oss. Eit epletre er ikkje lei seg fordi det ikkje ber pærer som nabotreet. Det er ein befriande tanke at eg ikkje skal bera all slags typar frukt, og at eg skal sleppe å samanlikne meg med alle andre.

Kva sesong er du i? Uansett; vit at det viktigaste er at du er kopla på stamma, Jesus, han som er sanninga, livet og lyset. Om du strever og treng kvile, vil han bera deg. Om du er i sesongen for grøde, vil du bera frukt. Det er ei tid for alt som Forkynnaren seier i Det gamle testamentet. Kvil i denne sanninga når du går hausten i møte.  
Ha ein nydeleg haust!

Med venleg helsing Norunn Rød Markhus,  
kyrkjelydspedagog i Fusa  
og prestevikar i Odda



# Undervisningsdag 2022 i Bergen

**TID:** måndag 14. november kl. 10-15.  
**STAD:** Åsane kyrkje, nordre bydel av Bergen

Undervisningsdag 2022 set søkerlyset på Bibelen.

- Samfunnsdebattant og lektor Sofie Braut underviser om «Tid for tillitsteologi – bibelbegeistring som motgift for motløyse og kur for kynisme».
- Joar Haga og Knut Alfsvåg underviser om «Bibelen som kjelde og dommar – nokre lutherske grunntrekk». Haga og Alfsvåg er professorar ved Vid vitenskapelig høgskole.

Pris: 250 kr per person, 100 kr for studentar. Enkel lunsj er inkludert.

Informasjon og påmelding her: [www.frimodigkirke.no/bjorgvin](http://www.frimodigkirke.no/bjorgvin)

**Alle interesserte er velkomne til å melda seg på.**



Ein eldre mann var død og det skulle haldast gravferd i Sundvor kyrkje. To pårørande dikuterte kva dei skulle skriva på sløyfa på kransen dei skulle leggja på kista til den avdøde. Dei blei til slutt einige og ringe inn til blomebutikken: «Det skal stå: «Takk for alt», sa den eine. Og «Vi møtes i himlen» - hvis det er plass altså, sa den andre. Ekspeditøren på blomebutikken noterte det som vart sagt.

Gravferdsdagen kom og kranse låg på kyrkjegolvet, med fin sløyfe med påskrifta «Takk for alt. Vi møtes i himlen hvis det er plass».

## EIKELAND HAGEFIKS

GJER JOBBEN SOM DU KVIR DEG TIL



TUNGT, VANSKELEG, UTSETT I ÅREVIS?

TRE SOM SKUGGAR FOR SOLA DI?

KRATT SOM STADIG VEKS? HUMPETE PRIVAT VEG?

SPREK SENIOR EX BONDE HJELPER DEG

ARBEID MED TRAKTOR, VINSJ, MOTORSAG, RYDDESAG

RYDDING AV SKROT TIL MILJØSTASJON

TREFELLING, TRANSPORT, VEGVEDLIKEHALD, SLÅTT,

FØREHANDSPRIS ETTER SYNFARING

MVA REG FIRMA

TA EIN TELEFON TIL 95281866 DET ER GRATIS!

OG DU VERT KVITT EIT PROBLEM 😊

Følg oss på facebook  
**Fusa sokn**

KVEN MEINA DU FORTENA

## FRIVILLIGPRISEN

2022?



Me inviterer alle til å koma med framlegg til kandidatar. Kven meina du fortener ein ekstra takk, ein pris, heider og ære for sin ubetalte innsats for medmenneske og lokalmiljøet? Enkeltpersonar, lag, grupper og frivillige organisasjonar kan bli nominerte.

Frivilligprisen vil bli dela ut i samband med frivilligfest i november.

Styret i Fusa frivilligsentral er jury.

Framlegg til kandidatar må vera skrifteleg og begrunna innan 23. oktober.

Sendast til: [Fusa.frivilligsentral@kyrkja.no](mailto:Fusa.frivilligsentral@kyrkja.no),  
eller til postboks 73, 5649 Eikelandsosen.

Frivillighetsrådet

2022



# – Det skal vera godt å koma hit

Møte med gravplassarbeidarane Marianne Tveit og Terje Rød

**Det er den tolvte september, måndag morgen på Fusa gamle gravplass. For fyrste gong på fleire veker regnar det. Gravplassarbeidarane har fått det travelt med å få slått graset før det blir for vått og ufylseleg, men dei er klare for pause når eg kjem og uroar dei. - Me er effektive i slike vêr, seier Terje.**

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

## Døden og graset

Det blir sagt at det er to ting som sikkert her i livet. Det eine er at alle skal døy, det andre er at graset gror. Ingen kjenner desse to sanningsane betre på kroppen enn gravplassarbeidarar.

- Tida mellom mai og oktober dreier seg mykje om slått, seier Marianne. - Enkelte lurer på kva i all verda me gjer på resten av året.

Eg må innrømma at akkurat det var blant mine punkt på blokka, og Marianne ler. - Ja, då er det å få fiksa alt som er blitt skeivt og øydelagd sidan sist, reparera og vedlikehalda utstyr og anlegg, fjerna gravminne og soklar, bli kvitt overskotsmasser, rydja og reinska mellom buskar og tre.

- Denne ettervinteren og våren måtte dei store sypressane og tujaane her på Fusa fjernast. Helland Hogst var hyrt inn til sjølve fellingsa, og det meste av etterarbeidet tok me oss av. Det arbeidet strekte seg over fleire veker.

Snart står lindetrea rundt Strandvik kyrkje for tur, ikkje for å fellast, men skjerast til må dei annakvart år. Då veit me det, alle me som lurte: Dei sit ikkje pal frå oktober til mai og ventar på at graset skal ta til med å veksa igjen.



I full mundur på Fusa gamle gravplass.

## Maskiner og rå kraft

Sidan 2020 utgjer dei to sokna, Os og Fusa, eitt fellesråd, kalla Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd. Enkelt sagt er fellesrådet ansvarleg for kyrkja sitt ytre, det vil seia bygg og anlegg, mens sokna er ansvarlege for det åndelege og sosiale, det å byggja kyrkjelyd. Kor fast desse to sidene ved kyrkja er bundne saman, speglar seg av hos dei tilsette; mange av gravplassarbeidarane i Bjørnafjorden fellesråd har også ei del-stilling som kyrkjetinar i eitt av sokna. Terje er éin av desse. Han skal 70% av arbeidstida si fokusera på bygg og anlegg, 30% på kyrkjelyden når han er kyrkjetinar i Hålandsdalen kyrkje og Sævareid kapell. Også Marianne hadde frå 2017 ei slik kombinert stilling i Os.

- Frå hausten 2019 vart eg hyrt inn til Fusa for oppdrag på gravplasane her. Det var ein brå overgang. Os har tre gravplassar. I Fusa er det ti stykk, og fasilitetane er varierte. For å seia det rett ut: Det er ikkje like

“

- Me arbeider ikkje berre med musklane, men også med hjarta.

vanleg med toalett og oppvarma pauserom på denne sida.

Men det Fusa manglar av komfort, vert vege opp for med nydeleg utsikt og köyreturar fullstendig frie for kø, så då Marianne eit halvt år seinare vart tilbudd 90 % stilling som gravplassarbeidar med oppmøtestad Fusa, slo ho med glede til. - Det passa perfekt. Eg hadde nett bygd ferdig huset mitt i Strandvik.

I Terje sin arbeidskontrakt står Os som oppmøtestad, men i praksis er også han dei fleste dagane på Fusa-sida. Mange av oppgåvene på gravplasane må ein vera to for å utføra.

- Mykje har me fått spesialutstyr til, men det hender at eg må gje opp,



sjølv med godt verktøy, fortel Marianne. - Då kjem Terje og seier: «Her må det rå kraft til!» Så tar han eit tak, og så løyser det seg.

Musklar er ingen uting, heller ikkje langt inni den industrielle og digitale tidsalderen. Terje har eit anna minne om nett det: - Ein gong sette Walkeren, traktorgrasklypparen vår, seg fast i bakken. Det var på Hjartnes gravplass, like ved klokketårnet. Me sokk beint ned i med doningen og måtte slita og bala for å få han opp. Men det gjekk, det òg. Godt me var to.

### Ei grav blir til

Den viktigaste og mest ærbødige oppgåva til ein gravplassarbeidar er å laga til og fullføra ei grav. Når dei får melding om ei ny gravferd, må den prioriterast framfor alt anna. Jamt over går det éin til to dagars arbeid til ei gravferd, med nokre andre oppgåver innimellom. Slik går det til, steg for steg:

Marianne og Terje plar grava opp dagen før gravferda. Er bakken frozen, må dei først til med ein torvtinar, ein stor plastduk med varmetrådar i seg. Den tiner opp det aller øvste laget. Går telen djupare, bruker dei eit kraftigare apparat. Ikkje alle vintrar er så kalde at dei må ta slikt utstyr fram, men vinteren for eit par år sidan vart det nytta fleire gonger.

Når marka er bar og tint, er det torvskjeraren sin tur. Grensa for den nye grava blir skoren opp, deretter skjer dei torva i passeleg store ruter og fjernar ho. Desse rutene blir brukte til å dekkja andre graver som har kvilt i eit halvt år, slik at dei kan få torv på seg igjen. Gravplassarbeidarane fører ei kronologisk liste over graver for å halda orden på kven som er nest i den køen. Papirarbeid og systematikk slepp ein altså ikkje unna i denne jobben heller.

Etter at torva er av, blir grave maskina køyrt fram. Det grøvste tar dei med den, og her får me høve til å smetta inn at Bjørnafjorden ikkje er blant dei siste når det gjeld likestilling. Ein gong kom det ein kollega frå eit anna sokn på besøk. Marianne sat i gravmaskina og grov opp ei grav. –

Nei, har dei sett kvinnfolk til å grava òg no, braut gjesten ut då han såg ho. Kvinnfolket kunne ikkje seia anna enn at Ja, dei hadde no det, og grava vidare så mykje han såg at verda ikkje gjekk under.

————— JJ —————  
Nei, har dei sett kvinnfolk til  
å grava òg no.

Det var no det. Tilbake til den halvferdige, teoretiske grava vår: Vegane i grava skal vera beine og fine, - beinare og finare enn det ei maskin kan klara, så no må dei oppi grava og brukha spade.

– Ein gløymer seg gjerne litt når ein står og arbeider slik for seg sjølv, seier Terje og smiler. – Eg for eksempel har ein uvane med å plystra mens eg jobbar. Ein gong dreiv eg og fullførte ei grav her på Fusa. Eg plystra i veg og ensa ikkje noko rundt meg. Plutseleg høyrer eg ei kraftig røyst ovanifrå: «Er det ikkje sol her i Fusa?» Det fekk meg til å teia still.

Dette var ein dag då det var på nippet til å skina opp, men sola kom ikkje heilt fram. Nett det var ikkje det verste for Terje. Han tenkte meir på at mannen hadde høyrt kor lystig

han plystra nede i grava, ein stad der han burde heldt seg sorgtung og stille. Mannen på si side sa ingenting om Terjes humør. Han var vel mest oppatt avvêret, som dei fleste andre på våre kantar.

Tilbake til vår teoretiske grav: No er ho fin nok, men mykje kan skje med jord og grus på eit døgn. - Skrekken er at grava skal falla igjen til dagen etter når gravferd skal haldast, seier Terje. - Difor ser me jordsmonnet godt an og stemplar grava skikkeleg, det vil seia at me set brett ned langs sidene og plasserer to tvinger ned, slik at sidene ikkje fell inn.

Fyrst når dette støtteapparatet er på plass, kan dei avslutta og koma attende dagen etter.

I gravferder på plassar som ikkje har ei kyrkje ved seg, er det ein gravplassarbeidar som klemtar med klokkene i klokketårnet når gravfølget går til grava, og etter at kista er i jorda og følgjet har forlate gravplassen, er det dei som fjernar kransar og blomar, og fyller grava igjen. Til liks med oppgravinga skal dei alltid vera to når dei fullfører. Grava vert så ført inn i gravprotokollen, og om eit halvt års tid er det den som står for tur til å bli dekka med torv, - torv som er tatt av for å laga i stand ei ny grav.

Framhald neste side



Jauvisst kan kvinnfolk grava med maskin, i alle fall Marianne Tveit.



## Når du skal søkja stilling som gravplassarbeidar

Marianne og Terje er berre vel halvvegs i livet og tilhører den generasjonen som skal arbeida til dei er sytti minst. Eg ber dei sjå fram nokre tiår, når Bjørnfjorden kyrkjeloge fellesråd må ut og finna seg nye gravplassarbeidrarar. Kva kvalifikasjonar bør søkjaren ha?

- Då eg fekk jobben, var det einaste formelle kravet at eg måtte vera medlem av Den norske kyrkja, seier Marianne.

Det finst ikkje ei bestemt utdanning til dette yrket, men alle arbeidara i driftsavdelinga har relevant utdanning, som anleggsmaskinreparatør, maskinførar, handverkar, storbilsjåfør og gartnar. Marianne arbeidde tidlegare som buss-sjåfør, seier- Og eg har vore landbruksavløysar i 28 år, skyt Terje inn.

Høgst relevante bakgrunnar, sidan det i begge tilfella dreier seg om å ta seg fram med store køyretøy på smale vegar, og å møta menneske – og dyr - i litt stressa eller uvante situasjonar. Viktigare enn ei spesifikk utdanning og yrkeserfaring er nok likevel følgjande eigenskapar og kvalifikasjonar som Marianne og Terje trekkjer fram:

- Lik å jobba utandørs og halda ut i væte og kulde.
- Vera sjølvgåande. Sjå kva som skal gjerast og kunna ta avgjersler på eiga hand når sjefen er langt vekke.
- Tåla tanken på døden.
- Kunna møta folk i sorg og ta ein prat viss nokon ynskjer det, men også vita når du skal halda avstand.

I stillingsannonsar er det ikkje berre lista opp krav til søkeren. Arbeidsgjevaren må også reklamera for seg sjølv, og her er det Marianne og Terje tilbyr av gode ved jobben som gravplassarbeidar:

- Variasjon. Arbeidet er prega av vekslande vær og årstider, og du har heile 13 ulike arbeidsstader, i tillegg til kyrkjekontora når det er møte.
- Du ser konkret resultat av jobben du gjer kvar dag.

- Du får styra arbeidsdagen din mykje sjølv. Sjefen har oversikten, men han står ikkje over deg og instruerer i detalj.

- Møte med mange hyggelege menneske.

## Skinande lys og lure fuglar

Marianne og Terje snakkar varmt om arbeidet sitt og om gravplassane. Det er tydeleg at dei er glade i alle tretten. Eg fryktar difor at dei vil nekta å svara på eitt av spørsmåla mine, men dristar meg likevel uts på. Marianne er vekke ein augneblink, så eg spør Terje fyrst: - Har du ein yndlingsgravplass?

Han tenker ei kort stund, og etter det diplomatiske «Alle er no fine», kjem konklusjonen: - Det må vera Baldersheim. Me seier det kvar gong me kjem opp der, at Her er det fint! Den utsikten! Og så er det så fine reiskapshus og gravkapell som er bygde der, mykje på dugnad av bygdefolk. Marianne kjem tilbake og får det same spørsmålet, og jammen peikar også ho ut Baldersheim. – Det er ein nydeleg plass. Det er dessutan den staden som har det beste toalettet blant gravplassane på Fusa-sida.

Det er ikkje berre på Baldersheim dei har folk med seg i ynsket om å gjera gravplassane fine. Til dømes vert det sett ned lys på graver omtrent heile året, ikkje berre til jul og allehelgensdag, og nett når det gjeld denne typen pynt, har gravplassarbeidarane eit godt råd: - Set talglyset inni ei lykt! Dersom det blir ståande i plastbeget med berre eit enkelt messinglok oppå, går det ikkje lang tid før måsen, kråka eller skjora fer med det. Her på Fusa gravplass flyg dei ut på parkeringsplassen og slepp lyset ned i asfalten så plasjen blir knust. Då er talgen fri, og fuglen kan forsyna seg. Dumme er dei ikkje, fuglane, og dei rotar nok like mykje til på gravene, som det den utskjelte hjorten gjer. Ein av gravplassane våre, den på Nordtveit, har fått eit høgt gjerde rundt seg for å skjerma han mot hjortens hærverk, men kva gjer ein med fuglane? Ein kan ikkje godt festa netting over heile inngjerdinga, og tilsnakk rettar dei seg ikkje mykje etter.



Terje Rød framfor Fusa kyrkje saman med to gode hjelparar: trillebåra og Marianne sin hund, Saga.

## Staden for sorg og for gode stunder

I tillegg til å stella sine private graver, stiller mange opp når gjerder, reiskapshus eller anna skal vølast. Dugnaden som blir gjort rundt om, er fenomenal. - Det er me veldig glade for, seier Marianne. - Folk bryr seg, og me bryr oss. Me vil det skal vera vakkert og verdig på gravplassane, og me strekkjer oss for å få det til. Arbeidet kan vera tungt, men det er ei eiga tilfredsstilling å snu seg og sjå tilbake på staden ein har arbeidd på den dagen, og tenkja at Her blei det fint.

Ein gravplass er for mange ein uhyggeleg og samstundes ein fredfull stad. Tida like før og etter eit menneske blir lagd ned her, er gjerne full av smerte og sorg, og eitt av dei hyppigaste innskriftene på gravminne er «Kvil i fred». Av og til blir dette ynsket oppfylt nettopp mellom graver, i augneblinkar utan kav og krav, når ein kjenner på alt som er underleg og uopplakt.

- Det er ein spesiell jobb, dette, seier Marianne, og Terje nikkar. - Me arbeider ikkje berre med musklane, men også med hjarta. Vårt inderlege ønske er at gravplassen skal vera ein god plass å koma til.

# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no



## Tombre

[www.tembre.no](http://www.tembre.no)

REISENE BESTILLER

VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

[www.verden.no](http://www.verden.no)

Følg oss på Facebook

## Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post [havard@solheimelektro.no](mailto:havard@solheimelektro.no)

[www.solheimelektro.no](http://www.solheimelektro.no)



SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

**VI ER HER**

[www.spv.no](http://www.spv.no)



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
post@tonnegarden.no - [www.tønnegarden.no](http://www.tønnegarden.no)

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

## Fusa og Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON

56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Vi er til hjelpe  
for deg og de  
nærmeste i tiden  
etter at en nær  
slektning eller  
venn har  
gått bort.

Du skal vite at  
du kan kontakte  
oss når som helst,  
dag eller natt. Vi  
har alltid tid til å  
hjelpe deg!

En verdig og  
trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN  
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (ing. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00  
E-post [post@bjornafjordengravferdshjelp.no](mailto:post@bjornafjordengravferdshjelp.no)



Hordaland A/  
Rørteknikk A/S



56 58 09 90

[hordalandrørteknikk.no](http://hordalandrørteknikk.no)

[post@hrt.as](mailto:post@hrt.as)

Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside  
[www.fusa-kraftlag.no](http://www.fusa-kraftlag.no)

Din lokale kraftleverandør

**Stroyma**  
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN

Tlf. 56 58 00 20

**SPAR**

Eikelandsosen

Opningstid

8-21

Laurdag

9-20

**Tlf. 56 58 00 90**



Fusa kyrkjeblad 88 år: nr. 5:2022

7

leiglandbygg.no  
**LB**  
5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: [post@leiglandbygg.no](mailto:post@leiglandbygg.no)  
[www.leiglandbygg.no](http://www.leiglandbygg.no)

# Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd sine 10 gravplassar som ligg i Fusa sokn



## Hartnes gravplass

Hartnes gravplass er ein flott, eldre gravplass i sjøkanten, der me i seinare tid har hatt omregulering og renovering av område. Gravplassen har redskapshus med klokketårn.

Tal kistegraver: 228



## Baldersheim gravplass

Baldersheim gravplass vart teken i bruk på 1940-talet. I 2015 vart arealet utvida med 90 nye graver og bygd-folket bygde redskaps- og toaletthus på dugnad. Gravplassen har frå før eit lite kapell med klokketårn.

Tal kistegraver: 411



## Sævareid kyrkjegard

Kyrkjegarden ligg ved Sævareid kapell, og vart teken i bruk på 1950-talet då Sævareid kapell vart bygd som gravkapell. Kyrkjegarden vart utvida i 2019 og har fått eige urnefelt.

Tal kistegraver: 458

Tal urnegraver: 60



## Hålandsdal kyrkjegard

Hålandsdal kyrkjegard ligg rundt Hålandsdal kyrkje og vart teken i bruk då kyrkja vart bygd i 1891. Kyrkjegarden har vorte utvida eit par gonger på 1900-talet. I 2012 og 2021 vart delar av eksisterande gravområde renoverte og omregulerete til nye felt.

Tal kistegraver: 529

Tal urnegraver: 18



## Nordtveit gravplass

Nordtveit gravplass vart teken i bruk på 1970-talet. Pg.a. därleg jordsmonn kan ikkje brukte kistegraver brukast opp att til gravlegging av nye kister, berre til urner. Gravplassen har klokketårn med redskapsrom.

Tal kistegraver: 216



## Fusa vest kyrkjegard

Fusa vest kyrkjegard ligg ved Fusa kyrkje og vart teken i bruk i 2006. Dersom ein skal gravleggjast på Fusa og ikkje skal gjenbruka ei eksisterande grav ein disponerer, blir det tildelt ei ny grav ved Fusa vest kyrkjegard.

Tal kistegraver: 316

Tal urnegraver: 53



## Holdhus kyrkjegard

Kyrkjegarden ligg rundt Holdhus kyrkje, «gamlakyrkjo». Kyrkja er eigd av Fortidsminneforeininga medan kyrkjegarden er eigd av soknet. Det er ein avgrensa gravplass der berre nokre familiar/gardar som ligg rundt gravplassen kan gravlegga sine der. Her er det òg eigne reglar for kiste/urne og sjølve gravinga.





### Strandvik kyrkjegard

Strandvik kyrkjegard ligg ved Strandvik kyrkje. Dette er ein gammal kyrkjegard som også har ein eigen minnelund med gamle og/eller spesielle gravminne.

Tal kistegraver: 325



### Fusa kyrkjegard

Fusa kyrkjegard blir òg ofte kalla «Fusa gamle kyrkjegard» ligg flott til ned mot sjøen. I 2022 vart 22 høge tuja-tre av tryggleiksgrunnar tekne ned, noko som førte til at kyrkjegarden og landskapet rundt endra uttrykk. Kyrkjegarden har vore utvida, renoveret og omregulert ved fleire høve og blir av mange omtalt som parken i Fusa.  
Tal kistegraver: 1086

### Aakre gravplass

Aakre gravplass ligg mellom idrettsanlegg og skulen i Strandvik, men er ein fin gravplass innramma av eit gammalt steingjerde. Når nye graver skal takast i bruk i Strandvik, er det på Aakre det blir tildelt grav.

Tal kistegraver: 308

Tal urnegraver: 19



#### Døgntelefon

56 57 49 50

Jorunn Moberg

Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

### DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: [deror@online.no](mailto:deror@online.no)



Sentralgodkjent rørleggerfirma



MAN-FREDAG 09.00 - 19.00

LØRDAG 09.00 - 18.00

**TLF. 56 58 48 12**



Alt innen malerarbeid og tapetsering



**Tlf. 90 80 15 38**



Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspiele
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis proverpakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: [famgang@fusi.no](mailto:famgang@fusi.no)

<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

**BYGGMESTER**



**SVENN C. STORUM**

**951 56 327** [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

[www.lhjertnes.no](http://www.lhjertnes.no)

Nær  
Butikken

**P. H. Haugen**

**Landhandel - Sævareid**

**tlf. 56583110**

e-post:

[narbutikken.severeid@narbutikken.no](mailto:narbutikken.severeid@narbutikken.no)

VESTLANDSKE LIMTRE  
INDUSTRI AS

1642 BERGENFJORD  
Postnr. 56 85 07 00  
Telefon: 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner  
Limtre – beslag – takstoler - takverk

[post@vlimtre.no](mailto:post@vlimtre.no)

[www.vlimtre.no](http://www.vlimtre.no)

**Fusa**  
**Ferdigbetong as**  
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421

E-post: [post@fusabetong.no](mailto:post@fusabetong.no)



MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE  
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

**Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880**

E-post: [firmapost@alfhjelle.no](mailto:firmapost@alfhjelle.no)

**SPAR**

**Fusa**

**8-21**

**9-20**

**Tlf. 56582133**

[spar.fusa@spar.no](mailto:spar.fusa@spar.no)

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

**B** TLF 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



**Eide**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS  
\* 5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no  
\* 56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

**Tlf. 97 59 24 88**  
[post@nhstrykk.no](mailto:post@nhstrykk.no)

**Alt i trykksaker**

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa

**Tlf. 56 58 22 86**

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



**MECA**



**BYGGADMINISTRASJON  
Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN



# Gudstenester i Fusa sokn

16.10.2022 - 01.01.2023

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
<b>Oktober</b>				
16.10.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	19.sundag i treeiningstida
16.10.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	19.sundag i treeiningstida
23.10.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	20.sundag i treeiningstida
23.10.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	20.sundag i treeiningstida
30.10.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Bots- og bønedag
<b>November</b>				
06.11.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Helgemessesøndag
06.11.	19:00	Fusa kyrkje	Kveldsgudsteneste	Helgemessesøndag
13.11.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	23.sundag i treeiningstida
20.11.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kr. kongedag
20.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kr. kongedag
20.11.	19:00	Eikelandsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	Kr. kongedag
27.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
27.11.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i advent
<b>Desember</b>				
04.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	2. søndag i advent
11.12.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	3. søndag i advent
18.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine Lessons and Carols	4. søndag i advent
24.12.	11:00	Fusa bu og beh. senter	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	15:00	Bygdaheimen, Holmefjord	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Julaftan
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nyårsaftan
01.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nyårsdag

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

## Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

### Hålandsdalen kyrkje

25.09.2022 Sara Koldal Vestbø



Gravferd

### Fusa kyrkje

26.08.2022 Ivar Rosvoll, f. 18.12.1949

08.09.2022 Bjørg Oliva Havsgård, f.18.07.1934



Vigde

### Hålandsdal kyrkje

27.08.2022 Susanne Nordvik og  
Andreas Linge Tomrenik



Fusa kyrkjeblad 88 år: nr. 5:2022

# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandssosen

## Konfirmantane på leir 9.-11. sept. 2022



Undervisning




Bønesamling



Inn for landing



Med hovudet først



Mat for sjela



Mat for kroppen



Samhald